

Søknad om bakkeplanering.

Søkjer med dette om bakkeplanering på gnr. 156, bnr. 4, 17 og 82.

Eg syner til vedlegg av 13.02.2023 og særleg til fig. 1 der.

Austrheim 23.02.2023

Odd Haugen

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Odd Haugen".

Vedlegg til søknad om bakkeplanering på gnr. 156, bnr. 4, 12, 17 og 82 i Austrheim kommune.

Tiltaksområdet ligg der det frå gamalt av har vore slåttemark og mjølkeplassar/gardflor. I dag er det del av eit større samanhengande innmarksbeite for storfe. Mykje av arealet er framleis i aktiv drift, men delar av det er tilgrodd med einer og gran – for det meste sitkagran. Planen er å planere nokre område på gnr. 156, bnr. bnr. 17 og dels bnr. 82. Området ligg nord for bustadfeltet Slettebakken. Avkjørsle til feltet skjer frå kommunal veg (Blomhaugane) rett aust for Slettebakken. Det skal òg gjerast små endringar på eksisterande veg – sjå mellom anna fig. 2. Massen som skal køyrast til kjem frå Storemyra næringsområde på Mongstad og Leirvågen der eg disponerer og set i stand areal til industriføremål. Overskotsmasse herifrå vil verte plassert i tiltaksområdet vi no snakkar om. Myrmassar vert lagt i botnen der leirmassar vert lagt oppå. Dette vil redusere klimagassutslepp.

Området skal planerast slik som synt i fig. 1-7 nedanfor/komande sider. Tiltak dei einskilde stadane er forklart i teksten til dei ulike bileta.




Fig. 1. Oversyn over tiltaksområdet. Nummera refererer til og syner plassering til bileta som kjem seinare i teksten.



Fig. 2. Bakken lengst borte skal jamnast (planerast) ut om lag ned mot der den stripla lina markerer at bakkenivået vert nådd. Sjå òg fig. 4. I tillegg må veg'en i framkant utvidast i innersvingen. Dette då den i dag er for krapp slik at det ber utfordrande å kome forbi med større bilar. Elva som veg'en kryssar her, må leggjast i røyr om lag 3 meter utover dagens situasjon dvs frå veg'en og om lag til den stripla lina. Veg'en må òg hevast om lag 1-1,5 m i denne svingen. Utover dette skal elva framleis ligge open som i dag, men den må reinskast når det er naudsynt. I dette området ligg det ein communal vassleidning som det lyt takast omsyn til.



Fig. 3. Nedstraums elvekryssinga skal bekken framleis ligge open som i dag, men den må kunne reinskast når det er naudsynt. Det gjeld òg for den kommunale eigedomen på andre sida av gjerdet. I Høgre biletkant vil planeringa/fyllinga synt i fig. 4 kome ned mot elva og skal avsluttast ikkje nærare enn 6 m frå elva.




Fig. 4. I dette området skal det køyrast til masse og arealet planerast fra øvste kanten til høgre i biletet og om lag ned til området som er markert med raud stripla line dvs ikke nærmere enn 6 meter fra elva synt i fig. 3. Nivået vil elles gå i 0 i høve dagens høgde der vegen går. Dette vil gje ein samanhengande skrånning mot sør. Frå om lag frå der det er flatt i dag, skal arealet fulldyrkast vidare sørover (mot venstre i biletet). Den flate myra er grunn myr med leire under.



Fig. 5. Her er matjordlaget teke vare på. Det skal planerast ut med tilkøyrt massar og der matjordlaget vert lagt oppå. Dette vil gje eit godt beite.




Fig. 6. Skjeringane skal flatast ut noko og fyllast på med jord. Dette for å dempe skjeringane. Vegen skal halde fram inn på naboeigedom (gnr. 156, bnr. 17) og samtykkje frå eigar må vere på plass før vegbygginga startar opp.



Fig. 7. I dette området vil det verte lagt eit tynnare lag med masse i dei våte sòkka.



Fig. 8. Nordaust for området ser beitet slik ut i dag.

På sikt er planen å byggje landbruksveg vidare austover frå eksisterande veg, deretter leggje den sørover og kome inn at på vegen lenger sør slik at ein kan køyre rundt. Dette vil det verte søkt om når den tid kjem. No vil det vere fokus på å gjere ferdig tiltaka lengst sør.

Trollåsen 07.02.2023

Odd Haugen

